



BERGEN
KOMMUNE

BYRÅDSAVDELING FOR BYUTVIKLING
BBU - kommunaldirektørens stab

Bystyrets kontor
Postboks 7700
5020 BERGEN

Vår referanse: 2022/56542-100
Saksbehandler: Marie Mildestveit
Dato: 28. april 2025

TILLEGGSNOTAT TIL BYSTYRESAK 121/25 - Årstad, Gnr.13, Bnr. 81, 233 mfl., Nyhaugveien, boliger (arealplan-ID 65230000) - Sluttbehandling av detaljregulering

I Utval for miljø og byutvikling si innstilling til saka er det vedtatt følgjande merknad:

Merknad 3

Det bes om at en får en vurdering av trafikksikkerhet ved økt trafikk over bro med vernete murer fram mot bystyret.

Svar:

Trafikktryggleiken i krysset Nyhaugveien/Elvebakken har vore tema i planprosessen og i avgrensa høyring av planforslaget. I samband med den avgrensa høyringa blei det mellom anna utarbeidd sporing i kryss (sjå vedlegg) og handlingsrommet for å ta vare på brukar opp mot trafikktryggleik vurdert. Det har vist seg å ikkje vere mogleg å ta vare på begge sider av brukaret utan at det får konsekvensar for trafikktryggleiken i krysset. Omsynet til trafikktryggleik er derfor vekta høgare enn verneinteressene til nordvestre brukar.



I fagnotatet står det at det med den regulerte løysinga framleis ikkje vil vere mogleg for to bilar å møtast på akkurat dette punktet langs vegen. Det er ikkje riktig. I planskildringa blir det vist til sporing, som viser at to personbilar vil kunne møtast, men ikkje personbil og lastebil. På grunn av god sikt i krysset er det likevel vurdert at trafikktryggleiken er tilfredsstillande.

Postadresse:
Postboks 7700, 5020 BERGEN
Kontoradresse:
Rådhusgaten 10

Telefon: 55565556
E-post: byutvikling@bergen.kommune.no
Internett: www.bergen.kommune.no

Punktet er ikkje vurdert som spesielt risikoutsett med tanke på trafikktryggleik. Vidare er det ikkje venta mykje tungtrafikk, og det er etablert fortau på utsida forbi krysset som sikrar god framkomst for mjuke trafikantar.

Byråden vurderer at vegbreidd og siktforhold slik det går fram av planforslaget sikrar akseptabel trafikktryggleik.

Med helsing
Eivind Nævdal-Bolstad – Byråd for byutvikling

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Vedlegg:

Spring i kryss - lastebil inn Nyhaugveien mens personbil venter datert 02.03.2024

Spring i kryss - personbil i begge retninger datert 02.03.2024

Kopi til: Bystyrets kontor - Bjarte Kristiansen Frønsdal, Bystyrets kontor - Andreas Graue Berg